



---

## Informasjonsnotat/orientering

---

**Frå:**

Meline Heimdal Haugland

**Verdivurdering av GBNR 45/13  
Gamle Sandvik skulehus**

**Saknr/Journalnr**

18/1774/19/7055//MEHH

**Arkivkode**

**Dato:**

09.09.2019

---

For å vurdere verneverdien til eit kulturminne vektleggjer me:

- Representativitet
- Samanheng og miljø
- Autensitet
- Fysisk tilstand
- Arkitektonisk og kunstnarisk kvalitet
- Identitet og symbol
- Økonomi og bruk
- Økologi

Eit kulturminne eller eit kulturmiljø kan relaterast til fleire kriterium. Kva for kriterium det skal leggjast mest vekt på, er avhengig av dei aktuelle kulturminna eller kulturmiljøa me står ovanfor. Dei ulike kriteria kan overlappa og underbyggja kvarandre. Det kan óg leggjast større vekt på enkelte kriterium enn andre. Det er dei same kriteriuma som skal brukast enten det gjelder verd/freding eller dispensasjon. Enkelte kriterium er ikkje alltid aktuelle. Kvar for seg og saman representerer dei kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

Det er viktig for oss at det er variasjon i det me tek vare på, og at enkeltobjekt eller miljø er tidstypiske.

I verdivurderinga vert verdien av kulturminne gradert med låg, middels eller høg verdi. Verdivurderinga er ei lokal vurdering, og gjev verdien av kulturminne for Samnanger kommune. For utdjupande informasjon om kva som ligg i dei ulike kriteria, sjå Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020.

Bygningen har tidligare vore skule i Sandvik datert til å vera bygd i 1912. Asbjørn Fauske overtok eigendomen i 2011. Eigendomen er omsøkt og godkjent som fritidsbustad av Samnanger kommune.

Bygget var i svært dårleg stand med taklekkasjar, sopp og omfattande råteskadar. Restaureringsarbeidet starta i 2012 og pågår fremdeles. Søkjar reknar med det til ta eitt til to år før bygget er ferdig rehabilitert og klar til å ta i bruk.

Søkjar meiner bygningen har lokalhistorisk og kulturell betydning i Samnanger. Det vert vist til to artiklar i Samningen frå desember 2017 og januar 2018. Han påpeiker at rehabilitering av bygget er omfattande, og har vore utan noko form for økonomisk støtte frå det offentlige.

## Verdivurdering

Representativitet:	<p>På midten av 1920-talet var folkeskulen i Samnanger “ferdig” utbygd med skulehus i alle krinsar. Det gamle skulehuset i Sandvik var ferdig og teke i bruk i 2011. Sandvik skulekrins var ein av fleire skulekrinsar i Samnanger på begynnelsen av 1900-talet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Stolpane, Steinsland, Tysse bygd 1872</li> <li>• Rolvsvåg, bygd 1893</li> <li>• Nordbygda, bygd 1896</li> <li>• Tveit, bygd 1897 (flytta og ombygd i 1929)</li> <li>• Ny skule på Tysse, den gamle flytt til Frøland i 1904</li> <li>• Sandvik, bygd 1911</li> <li>• Høyseter, bygd 1921</li> <li>• Grønsdal, bygd 1922 (forsamlingshus flytt frå Tysse)</li> <li>• Ny skule på Steinsland, den gamle flytt til Li i 1924</li> <li>• Eikedal-krinsen har aldri hatt eige skulehus, berre leigd skulestove.</li> </ul> <p>I dag er dei fleste gamle skulehusa omgjort til bustad- og fritidsbustader. Skulehusa i Rolvsvåg og Grønsdal er grendahus. Stolpane skulehus vart offisielt opna som museum i 2007. Det fins med andre ord fleire bygg i Samnanger som kan representera dei gamle skulehusa- og skulekrinsane i kommunen. To av skulehusa som er trekt fram i Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020 er Rolvsvåg og Stolpane.</p>
Samanheng og miljø	<p>Det gamle skulehuset i Sandvik var ein del av ein skulestruktur som me ikkje lengre har i dag. På denne måten er bygget ein viktig del av den heilskapelege historien om skuleutviklinga i Samnanger. Som isolert enkeltobjekt er det ikkje nødvendigvis det gamle skulehuset i Sandvik som vil vera det med mest historisk verdi, men det er med på å kasta lys over heile historia.</p>
Autensitet	<p>Bygget har tre etasjar: Kjellar, kor det var sløydsal. Hovudetasjen, kor det var skulestove og lærarrom med ekstra høgde under taket. På lemnen var det lærarbustad.</p> <p>Eksteriørmessig er det ikkje gjort noko endringar. Det meste er tatt vare på, herunder vindu, utvendig kledning, skifer på taket, tømmerveggar, dei fleste dørar, ovn m.m. Innvendig er det etablert ei trapp mellom 1 etg. og kjeller ved inngang. Det er tatt vekk ein lettvegg i inngangspartiet og fjerna ei dør mellom det store og litle klasserommet i 1 etg. Det er skifta golv og himling i 1 etg. Nytt listverk som det opphavelige listverk- (spesiallaga). Rehabiliteret skorstein og ovn.</p> <p>Orginalmateriale i dag: Nokre av tømmerveggane stå som dei er, andre er malingsbehandla då det ikkje har latt seg gjera å fjerna misfarging som kom etter vannlekkasjen.</p> <p>Av dei gamle skulehusa er det i dag Stolpane skulehus og Rolvsvåg skulehus som framstår som mest autentiske i forhold til bruken dei hadde, med</p>

	gamalt inventar og læremiddel. Samstundes er det ikkje tvil om at det er lagt ned mykje arbeid for å halda det gamle skulehuset i Sandvik så autentisk som mogleg gjennom rehabiliteringa.
Fysisk tilstand	Rehabilitering av bygget har vore omfattande då bygget var i svært dårleg stand ved oppstart av restaureringsarbeid i 2012. Huset har hatt taklekkasjar, mugg og soppskadar og omfattande råteskadar. Dette er det i dag kontroll på.
Arkitektonisk og kunstnarisk kvalitet	Tidstypisk for bygg bygd i 1912. Bygd av lokale håndverkarar. Lokale leverandørar av blant anna dører, vindu, trapp.
Identitet og symbol	Tidstypisk grendaskule kor lærar budde i bygget sin loftsetasje, to klasserom i 1 etg. og kjellar kor det blant anna var sløydsal.  Huset er det første skulehuset som er bygd i Sandvik. Det er ikkje kome fleire skulehus i ettertid. Skulen vart lagt ned i 1964. I åra etter vart huset nytta til bedehus, samfunnshus, festlokale, valglokale, losje og juletreffstar m.m. Det vart óg benytta av tyskarar i ein periode under 2 verdskrig.  Det gamle skulehuset har gått i slekt frå Kristian Bakke som bygde skulehuset (m. fl.) til noverande eigar Asbjørn Fauske. For eigar har truleg byggingen høg symbolverdi. Det fins skuleprotokoll frå 1890 frå Sandvik skulekrins som er levert til Samnanger kommune. Samnanger historielag har publisert protokollen på sine heimesider. Samningen har skrive om skulehuset og gjort intervju med to som har gått på Sandvik skule.
Økonomi og bruk	Bygget vert restaurert av eigar. Skal nyttast som fritidsbustad.
Økologi	Rehabiliterar/ombyggjer i staden for å byggja nytt.

Bygget er ikkje eit registrert i forarbeidet til kulturminneplanen for Samnanger kommune.

#### Konklusjon:

På nokre områder vert GBNR 45/13 vurdert til å ha middels historisk verdi og på nokre områder vert bygget vurdert til å ha høg historisk verdi.

Om me samanliknar autensiteten til det gamle skulehuset i Sandvik med t.d. Stolpane skulehus vil Stolpane skulehus som enkeltobjekt framstå som eit meir autentisk kulturminne. Likevel har det gamle skulehuset i Sandvik vore ein del av ein skulestruktur som me ikkje lengre har i dag, og bygget er ein viktig del av den heilskapelege historien om skuleutviklinga i Samnanger.

#### Kjelde:

Søknad om fritak frå eigedomsskatt i Samnanger (jp. 19/7073)

*Samnanger kommune 1907-2007* av Ivar Bård Aadland

Samnanger historielag (<http://samnanger-historielag.no/?p=1361>)

Epost med informasjon om status på gamle skulehus i Samnanger (19/7213)

Kartverket (<https://seeiendom.kartverket.no/eiendom/1242/45/13/0/0>)

Epost med svar på spørsmål i samband med verdivurdering (jp. 19/7214)

Det er gjort søk i tilgjengeleg skriftleg materiale og innhenta ytterlegare informasjon frå søkjar.